



ÅRSMELDING 2021

SAKSARBEIDET

Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett omfattar i alt 15 kommunar i Sunnhordland og Nord-Rogaland, og har kontorstad på Stord.

I 2021 kom det inn 39 nye sakskrav, og det blei avslutta 49 saker. Talet på føreliggande saker ved årsskiftet var 91. Det betyr at restansane har gått ned, men framleis er det for mange føreliggande saker til at sakene kan takast opp til handsaming innan 6 månader slik som forventa. Hovudtyngda av dei avslutta sakene gjaldt tvistar om rettstilhøve, særleg knytt til problemstillingar i strandsona. Resten gjaldt endringar i arealbruken samt rettslege skjønn.

RETTSMEKLING

Rettsmekling har vore eit satsingsområde også i 2021. Mange av dei avslutta sakene blei avslutta ved rettsforlik etter rettsmekling. Av 21 rettsmekla saker blei 17 saker avslutta med rettsforlik. I dei aller fleste tvistesaker og rettslege skjønn får partane tilbod om rettsmekling.

PERSONELL

Bakke, Terje Olav	Overingeniør
Eikemo, Brita	Førstekonsulent
Grytøyr, Stine P.	Jordskiftedommarfullmektig
Kannelønning, Jan V.	Overingeniør
Lønning, Hanne K.	Førstekonsulent
Roalkvam, Oddmund	Jordskifterettsleiar
Ruud, Iselin G.	Jordskiftedommarfullmektig
Steinsbø, Kjell	Rettsmeklar
Svandal, Magnus I.	Overingeniør
Vedøy, Emma K.	Lærling
Wiik, Jan Ottar	Jordskiftedommar

ØKONOMI

Driftsrekneskapen for 2021 viser eit forbruk på kr. 8,9 mill. Gebyrinntektene for 2021 var på 0,8 mill.

OPPGÅVENE TIL JORDSKIFTERETTEN

Jordskifteretten er ein særdomstol som har som mål å løyse problem/spørsmål knytt til fast eigedom. Administrativt er jordskifteretten underlagt Domstoladministrasjonen. Jordskifteretten har heimel til å avsei dom i ulike eigedomstvistar samt å ta avgjerd om t.d. arealbyte, oppløysing av sameige, omskiping og avskiping av rettar og ulike bruksordningar. Ein del rettslege skjønn ligg også innanfor jordskifteretten sitt kompetanseområde. Jordskifteretten utfører grensemerking og kartlegging i sakene, slik at avgjerdene vert godt dokumenterte for ettertida. Krav om jordskiftesak skal sendast til adressa nedanfor.

Skjema kan takast ut på www.jordskifte.no. Der kan ein også finne meir informasjon om jordskiftedomstolane.

HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND JORDSKIFTERETT

Osen 6, postboks 49, 5401 Stord

Telefon: 53 40 27 20

E-post: jstopost@domstol.no

Heimeside: <http://www.domstol.no/jsto>

Internett: www.jordskifte.no



Overingeniør Terje Olav Bakke på målearbeid